



Suldal kommune
Eidsvegen 7
4230 Sand

Kontakt saksbehandlar

Ida Eline Skålnes, 51568807

Fråsegn til offentlig ettersyn av planprogrammet for kommuneplan 2020-2030 - samfunnsdel og arealdel, for Suldal kommune

Samla sett er dette eit godt strukturert planprogram. Det viser ei fin kopling frå overordna mål som FN sine bærekraftsmål, ned på eit lokalt nivå. Planprogrammet er også oversikteleg og presenterer på ein klar måte kommunen sine prioriteringar og utfordringar. Kommunen har sett opp følgjande prioriterte utfordringar (med fleire undertema) for arbeidet med kommuneplanen: «fleire folk og folk som trivs», næring, samferdsel, økonomi, god digital standard, klima, kultur, arealstrategi og behov for utgreiingar. Statsforvaltaren meiner at kommunen har fokus på mange viktige samfunnsområde gjennom denne opplistinga. Kommunen har innleiingsvis ein god gjennomgang av føremålet med planprogrammet og ein gjennomgang av viktige statlege og regionale føringar og planar, samt kommunale planer og styringsdokument.

Lovgrunnlag

Krav til planprogram er forankra i plan- og bygningslova § 4-1 der krava til innhald og Fylkesmannens rolle er beskrive slik i føresegnas 2. og 3. ledd:

«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.»



Av omsyn til Statsforvaltaren sine sektorinteresser har me følgjande innspel til det føreslegne planprogrammet:

Samfunnsdelen

Landbruk

Suldal kommunen tar opp under temaet «Næring» at landbruksplanen i kommunen skal rullerast i perioden. Landbruksnæringa har ein viktig funksjon som arbeidsplass, matprodusent, landskapsforvaltar og bidreg inn mot reiseliv og med tilleggsnæringar. Ein plan som synleggjer alt dette og dei utfordringane næringa står ovanfor i kommunen, og korleis næringane kan utviklast, vil vera positivt. Skogbruksnæringa er også veldig viktig i Suldal. God skjøtsel og pleie av skogen er som kommunen skriv eit viktig bidrag i klimasamanheng.

Folkehelse

Som nemnd i vår tilbakemelding til planstrategien vert det forventat at kommunen fyljer opp sine folkehelseutfordringar i kommuneplanarbeidet, jf. folkehelselova §§ 5, 6 og 7.

Gjennomgang av vedteken planstrategi og forslag til planprogram syner at dokumenta manglar ei nærmare omtale av korleis helseutfordringane som er identifisert skal fyljast opp.

Som me peikte på i vår uttale til planstrategien skal folkehelseutfordringane; «.. vektleggast i drøfting og vurdering av alle relevante planar for kommunen som samfunn og organisasjon, jf. plan og bygningslovas § 3-1 f. Dersom oversiktsdokumentet viser at kommunen har folkehelseutfordringar på eit eller fleire områder, men ikkje har planar for dette, eller ser at eksisterande planar ikkje er gode nok, bør dette drøftast i arbeidet med planstrategien. På denne måten vil ein også sikre ei overordna koordinering av den tverrfaglege/ sektorielle innsatsen som må til for å følgje opp identifiserte folkehelseutfordringar». Det går ikkje fram av vedtatt planstrategi og planprogram at dette arbeidet er gjort. I så tilfelle bør det gå klårt fram av planprogrammet at det nå skal prioriterast.

Oversiktsdokumentet som vart utarbeidd til planstrategien kan vera eit særst godt grunnlag for eit systematisk, langsiktig og kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Det er enkelt, oversiktleg, og syner klårt kva helseutfordringar ein har, og moglege strategiar/avbøtande tiltak som kan vere aktuelle. Me saknar at det i planprogrammet vert vist til oversiktsdokumentet, korleis kunnskapen derfrå skal fylgjast opp, og ev. om der er utfordringar som må undersøkast grundigare før mål og tiltak vert fastsett.

Folkehelse er eit tema som gjennomsyrrar alle delar av eit samfunn, har stor påverknad på livskvalitet og har avgjerande betydning for utviklinga av berekraftige (lokal)samfunn. Det er difor særst viktig at kommunen gjennom planarbeidet sikrar eit langsiktig, systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Som de kjenner til legg folkehelselova klare føringar til kommunane om å nytta alle aktuelle verkemiddel og ressursar som ein rår over til å fremja innbyggjarane si helse i vid forstand, jf. Folkehelselova § 4. Oppgåva føresett tverrfagleg og tverrsektoriell innsats. Følgeleg vert det lagt på



kommunen si øvste leiing å koordinera og styra folkehelsearbeidet, blant anna gjennom planarbeidet.

Me syner og til Miljøverndepartementet sin rettleiar om kommuneplanprosessen pkt 4.1. 3. avsnitt, som vektlegg planprogrammet som ein arena for å belyse folkehelseutfordringar og gje føringar for vidare planarbeid.

Som vist til innleiingsvis i planprogrammet, er det fleire nasjonale forventningar til den kommunale planlegginga innan ulike samfunnstema. Innan helse-, sosial- og barnevernsfeltet vert det forventa at kommunen tar stilling til korleis ein skal fylja opp sentrale satsingar som: Leve hele livet, fattigdom/ utjamning av sosiale forskjellar, sosial bustadpolitikk, universell utforming, handlingsplan for fysisk aktivitet, psykisk helse og rus, vald i nære relasjonar, barn og unge, kompetanse og rekruttering, mv.

Det bør, tidleg i planprosessen, sikrast at dei overordna prioriteringane vert vurdert og følgt opp i tråd med forventningane.

Utdanning

I planprogrammet er *God oppvekst for alle* peika på som ei hovudutfordring, og trivsel og barn med særlege behov blir særleg trekte fram. Som kommunen skriv i planstrategien, er mobbing og motivasjon store utfordringar i skulane, i tillegg til svake læringsresultat.

Kommunen har ikkje eigne planar for skule og barnehage, så utfordringar, mål, strategiar og tiltak må vere ein del av kommuneplanen. Gjeldande kommuneplan inneheld utfordringar, mål og strategiar, men ikkje tiltak. Det er naturleg at ein ønskjer å halde kommuneplanen overordna, men utan tiltak blir måla og strategiar hengande litt i lufta. Statsforvaltaren rår kommunen om å inkludere tiltak for å løyse utfordringane i den nye kommuneplanen.

Samfunnstryggleik

Det går fram i planprogrammet at det skal utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse(ROS-analyse) parallelt med kommuneplanarbeidet. Denne legg grunnlaget for eit systematisk arbeid med samfunnstryggleiken, og skal leggjast til grunn for planlegginga. Funn i ei slik analyse skal konkretiserast og tas med i det vidare kommuneplanarbeidet. Dette betyr at viktige funn og tiltak må vere klare før kommuneplanarbeidet, og difor må oppdatering av heilskapleg ROS-analyse liggje i forkant av kommuneplanarbeidet. Heilskapleg ROS-analyse skal oppdaterast minst kvart 4. år.

I arbeidet med revisjon av kommuneplanen bør kommunen vere merksam på område der det kan vere dårlege grunnforhold, som under marin grense. Desse bør merkast som omsynssone, slik at dette vert sjekka ut før detaljplan og bygging.

Også for område med urealiserte fritidsbustader langs sjøen bør det leggast inn omsynssone stormflo, slik at desse hyttene ikkje vert bygde utsette for stormflo og bølger. Hytter og andre bygg bør trekkast vekk frå sjøen, og berre som unntak bli bygde ut i omsynssona. Det er og viktig å vurdere påfølgande behov for veg og infrastruktur til tomtene, og at dei må tilpassast naturfare og klima (utslepp og tilpassing).



Under *bustadareal* heiter det at ein vil sjå på områda for spreidd bustadbygging i grendene. Me støttar dette. Dette både for å ta vare på miljø og klima, få effektiv oppbygging av infrastruktur og tenestetilbod, og redusere ulykkesrisiko med mjuke trafikantar langs vegar utan sykkel og gangsti. Me oppmodar også til at ein ser på ulukkespunkt for trafikkulukker, og legg ein plan for å betre situasjonen.

Klima

Me ser at det blir lagt opp til utgreiingar om klimatilpassing og samfunnstryggleik i planprogrammet, og at Regionalplan for klimatilpassing blir vist til. Kommuneplanen må vise korleis endring i klima kan påverke m.a. samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø, befolkninga si helse, samt føresetnader for næringar, jf. statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR-klima).

Det er og viktig å få med at planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturer, og forsvarleg overvasshandtering. Klimatilpassing og utsleppsreduksjon må sjåast i samanheng der det er relevant. Det er viktig å planlegge for løysingar som både reduserer utslepp og reduserer risiko og sårbarheit som følge av klimaendringar. Naturbaserte løysingar for klimatilpassing må vurderast og prioriterast i plansaker.

Suldal kommune vil integrere klima- og energiplanlegging i kommuneplanen, noko me meiner er eit godt grep for forankring og heilskap for klimaarbeidet i kommunen. Når det gjeld innhaldet i klimadelen, viser me til innhaldet i og utfordringane som Klimakur 2030 tar opp, og at St.mld. 13- Klimaplan for 2021–2030 inneheld viktige føringar for kommunane. Kommunen må fokusere på tiltak innan landbrukssektoren når klimaplanen skal utarbeidast.

Suldal er ein stor skogbrukskommune. Skog er særskild viktig i klimasamanheng, og når det gjeld naturmangfald. Kommunen bør vurdere å kartlegge klimautslepp som følge av t.d. nedbygging/forstyrring av myr, våtmark, og skog. Slik blir det enklare å planlegge for at desse klimagassane blir liggande i grunnen/biomassen. Fysiske forhold på gardsbruk bør og kartleggast med omsyn til klima og vassmiljø. Klimadelen bør også vurdere klimaeffekt av spredt næringsutbygging i kommunen.

SPR-klima legg opp til at kommunane må sjå på gamle arealplanar, og om ny kunnskap om samfunnstryggleik og klima kan gjere at dei bør endrast eller takast ut. Det er også viktig å sjå på innkjøpsordningar, som det står i planprogrammet.

Me ynskjer også i kommuneplanen å sjå meir fokus på naturinteresser, spesielt i høve til klimatilpassing og økosystemtenestar i preventiv arealforvaltning, som i utbygging, inngrep i elvenære system, og nydyrking i utsette nedslagsfelt. Me viser her til det pågåande arbeidet med revidert regionalplan for klimatilpassing i Rogaland 2020-2050 og regionalplan for vassforvaltning, som kommunen må fylgje opp i kommuneplan.



Arealdel

Suldal kommune skal også revidere sin arealdel med føresegner og retningslinjer.

Bustadareal

Statsforvaltaren støtter kommunen i at det kan vere lurt å ta ein gjennomgang av områda/felta for LNF-spreidd utbygging (både bustad, næring og fritidsbustad). Det går fram av planprogrammet at det har vore bygd om lag 10 bustadhus i året. Vidare er det synt til at det er ledige kommunale tomter i om lag alle bygdene i kommunen. Det er viktig at kommunen har fokus på landbruket i Suldal si viktige rolle i å oppretthalda busetnad. Like fullt må ein syte for å lokalisere bustadbygging i grendene på ein slik måte at det er minst mogleg konflikt med aktiv landbruksdrift og at ein tek omsyn til jordvern og andre naturkvalitetar. Om det over tid blir utbygging av ein del hus på ein stad, kan det også generere trong for tilrettelegging av fasilitetar som leikeplass, felles møteareal, trygg kryssing av veg/gang- og sykkelveg mv. Slike omsyn må ein også ha med sjølv i mindre felt.

Ein gjennomgang også av vanlege bustadfelt verkar fornuftig, og ein bustad- og arealstrategi vil kunne leggjast til grunn når det kjem konkrete forslag i kommuneplanen sin arealdel.

Vidare går det fram av planprogrammet at etterspurnaden for einebustader i Sand har fått ned dei siste åra. Å kunne tilby areal til varierte bustader for ulike fasar i livet, frå einslege eller innbyggjarar i etableringsfasen til eldre som ynskjer ein mindre bustad nærare viktige samfunnsfunksjonar, kan vere eit viktig verktøy for å svare på denne utviklinga.

Fritidsbustader

Det går fram av planprogrammet at det vert bygd om lag 30 hytter i året i Suldal, og at det er regulert areal for omtrent 960 nye hyttetomter. Det skulle rekka i om lag 30 år. Kommunen syner til at fleire reguleringsplanar er eldre og ikkje realiserte i det heile. Ein gjennomgang av hytteområde høyrer heime i kommuneplanrevisjonen, og det er også fullt mogleg å ta ut område som har loge lenge inne i kommuneplanen utan at noko har skjedd. Vidare er me einige i kommunens vurdering om at det planmessig vil vera best med ei fortetting i allereie etablerte hytteområde, for å bevare tur- og rekreasjonsområde, skåne urørt natur og nytte allereie utbygd infrastruktur.

Suldal er ein populær kommune for fritidsbustader, og det er også fleire bustadhus som no blir nytta som fritidsbustader. Me vil oppmode kommunen til å vere ryddige på kva bruken i dei ulike bygga er, spesielt i viktige område som strandsona.

Næringsareal

Det går fram i planprogrammet at Norsk Stein AS har signalisert behov for omfattande utviding. Medan Norsk Stein AS utgjer ein svært viktig del av næringslivet i Suldal, så vil ei slik utviding utan tvil også kome i stor konflikt med naturmangfald og nærliggande eigedomar. Det er mykje engasjement rundt dette, og Statsforvaltaren har motteke eit høgt tal private innspel i samband med høyring av planprogrammet. Dersom det blir aktuelt å opne for ei slik utviding, vil me vil oppmode kommunen til å sørgje for ei grundig og omfattande konsekvensutgreiing som vurderer innverknadane på biologisk mangfald, samfunnstryggleik, skogbruk, landbruk, støy, støv og påverknad for nærliggjande bustader og hytter. Å få gjennomført ei konsekvensutgreiing som tar føre seg alle aktuelle konflikttema tideleg, vil bidra til eit godt og viktig kunnskapsgrunnlag.



Kyst og sjø

Ei av utfordringane det blir peika på i planprogrammet er å handheva byggjeforbodet i 100-metersbeltet på ein god måte som fremjar ønska etableringar men samstundes tek vare på ålmentas tilgang til strandsona. Dersom ein skal legge opp til ei berekraftig forvaltning av strandsonereale må det sjåast på frå eit heilskapleg perspektiv, noko arbeidet med revisjon av kommuneplanen i stor grad opnar opp for. Å leggje ein langsiktig plan for kommunes prioriteringar når det kjem til forvaltning av areala i strandsona, gjer at ein unngår å gjere stykkevise vurderingar om arealbruken gjennom dispensasjonar. Kommunen fekk utarbeida ei kystsoneanalyse i 2013 som legg kunnskapsgrunnlaget for vidare utvikling av kystsonearealet i Suldal. Som det kjem fram i analysen, har Suldal ei lang strandlinje kombinert med bratt terreng som gjer at ei relativt lita del av dette arealet er eigna for utbygging. Dette gir press på dei få areala som er eigna for utbygging, og desse er i stor grad allereie tatt i bruk.

Det er i noverande kommuneplan lagt inn større småbåtanlegg på Hebnes, Suldalseid, Sand, Jelsavågen, Foreneset, Erøy og Drarvik. I planprogrammet synast det at etterspurnaden er spesielt stor i Sand, og det er fremja ynskje om småbåthamn i Vanvik. Generelt sett er det å samle båtplassane i så stor grad som mogleg positivt og naudsynt for å få til ei berekraftig forvaltning av strandsonereala, som også vil kunne skape mindre press på areala elles i kommunen. Dette gjeld også for fortetting av allereie eksisterande båthamner, slik at ein reduserer inngrep i natur og landskap for å etablere nye områder for småbåt.

Kommunen peiker også på det å finne nye sjøareal som kan nyttast til næring som ei av utfordringane. Det er positivt at Suldal er med i Rogaland fylkeskommune si felles kartlegging av slike areal. Her vil me også vise til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar om planlegging i sjøområde frå mai 2020, som gir råd om forvaltning av kystnære sjøområde ved bruk av plan- og bygningslova.

Grønt og verneområde

Under tema «Grønt og verneområde» er det slik me les det mest fokus på verneområde og turstiar mv. Landbruks- natur- og friluftsområda utgjer ein stor del av det totale arealet i Suldal kommune, og LNF-områda rommar meir enn reine landbruksinteresser. Det er også store friluft- og kulturlandskapsinteressar. God skjøtsel av utmarksressursane har betydning for kulturlandskapet og friluftslivet, som er viktig både for Suldølen lokalt og Suldal kommune sin reiselivssatsing og turistar.

Regionalplan for areal og transport på Haugalandet har som mål at «*Friområder, landbruksområder og verdifulle natur- og kulturområder tas vare på for langsiktig bruk og vern. Matjord vernes for fremtidig matproduksjon*». Strategier for å få til det er å «*Sikre sammenhengende jordbruksmiljøer og vern av matjord*» (4.6.1) og «*Begrense tiltak og aktiviteter som forstyrrer landbrukseffektiv drift*» (4.6.2). For Suldal sin del betyr det etter vår vurdering god utnytting av eksisterande bustadområde, og minst mogleg omdisponering av dei beste jordbruksareala.

Føresegner/retningslinjer:

Statsforvaltaren vil oppmoda kommunen om å ta ein gjennomgang av gjeldande føresegner og retningslinjer og revidere dei der det er trong for det. Kommunen har i løpet av åra sidan



kommuneplanen blei vedteken fått innsikt i kva føresegner og retningsliner som kan trenge endring, til dømes sett opp i mot dispensasjonspraksis.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
statsforvaltar

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune Postboks 130 4001 Stavanger